

Handlingsprogram Energi- og klimaplan 2023-2027 for Etne kommune (vedteke 12.12.2022)			
Punkt	Tiltak	År	Ansvar
3.1.1.1	<p>Utarbeide klimabudsjett som syner oversikt over dagens klimagassutslepp, og kva tiltak som må gjerast for å redusere utsleppa med 55% innan 2030 (i høve til 1990 nivå).</p> <p>På sikt skal klimabudsjett bli ein del av den årlege budsjettrulleringa til kommunen.</p>	Vår 2023	Utvikling Økonomi
3.1.1.2	<p>Arbeide for å finne gode indikatorar som kan nyttast til å måle framgang og måloppnåing for klimaarbeidet.</p> <p>Følgje opp indikatorane årleg for å sikre rett utvikling.</p>	2023	Klimakontakt
3.1.1.3	<p>Gjere tilsette medvitne om innhaldet i energi- og klimaplanen og tiltaka i klimabudsjettet.</p> <p>Informere og publisere relevant informasjon på intranett og nettsida til kommunen fortløpende.</p>	Fortløpende	Leiarar Kommunikasjon
3.1.1.4	<p>Ha fokus på straumsparing, og oppmode tilsette og brukarar av kommunen sine tenester til å spare straum.</p> <p>Det skal vere eit spesielt fokus på straumsparing i skulen, jf. innspel frå Ungdomsrådet.</p>	Alltid	Leiarar Oppvekst og kultur
3.1.1.5	Hente inn ekstern kompetanse og kartleggje kva type «ENØK-tiltak» som vil ha størst effekt ved dei ulike kommunale bygga.	Vår 2023	Utvikling / Drift og vedlikehald
3.1.1.6	Lage prioriteringsliste over «ENØK-tiltaka», undersøkje tilskotsordningar og lage tidsplan for gjennomføringa.	Vår 2023/ haust 2023	Utvikling / Drift og vedlikehald
3.1.1.7	Starte prosessen med å oppgradere kommunale bygg og anlegg til eit meir energieffektivt nivå.	Haust 2023	Utvikling / Drift og vedlikehald
3.1.2.1	Vurdere å erstatte eksisterande energikjelder i kommunale bygg med meir energieffektive kjelder. Til dømes solcelle, solfangarar, varmepumpe.	Haust 2023	Utvikling / Drift og vedlikehald

3.1.3.1	<p>I samband med utarbeiding av nye arealplanar skal det vere fokus på fortetting og samlokalisering i sentrumsområda, Skånevik og Etne</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planleggje for gode bustadmiljø i gå- og sykleavstand til sentrumsfunksjonar. • Nye næringsområde skal liggje langs E134. • Detaljhandel skal liggje innafor område avsett til Sentrumsføremål. <p>Ved oppføring av nye tiltak etter plan- og bygningslova skal minimum 10 % av parkeringsplassane leggast til rette med ladestasjon for elbil.</p>	Heile planperioden	Rådgjevar plan
3.1.3.2	Alle nye kommunale køyretøy som vert kjøpt inn / vert innleidde skal anten vere elbilar eller ha svært låge CO2-utslepp.	Heile planperioden	Økonomi
3.1.3.3	Halde fram arbeidet med å implementere velferdsteknologi i helse- og omsorgssektoren der det er føremålstenleg.	Heile planperioden	Helse og omsorg
3.1.3.4	Samarbeide med Vestland fylkeskommune om å sikre eit godt kollektivtilbod.	Heile planperioden	Ordførar
3.1.3.5	Alltid vurdere digitaldeltaking eller kollektiv transport framfor flyreiser.	Heile planperioden	Alle
3.1.3.6	Alltid leggje til rette for syklande og gåande. Sykkelparkering skal som hovudregel vere overbygd med tak.	Heile planperioden	Utvikling
3.1.4.1	Informere og rettleie bønder i samband med klimatiltak i landbruket. Innvilge støtte gjennom dei aktuelle tilskotsordningane.	Heile planperioden	Rådgjevar landbruk
3.1.4.2	I samband med utarbeiding av nye arealplanar skal det vere eit spesielt fokus på å hindre nedbygging av matjord og kulturlandskap. Der tilhøva ikkje er avklart gjennom plan, skal vurderinga gjerast i jordlovshandsaminga/byggесака.	Heile planperioden	Rådgjevar plan Rådgjevar byggesak
3.1.4.3	Framleis sikre at skogsareala blir planta til etter hogst, jf. lovverket om foryngelsesplikt.	Heile planperioden	Rådgjevar landbruk
3.2.1	Ha fokus på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge.	Heile planperioden	Oppvekst og kultur
3.2.2	Leggje til rette for og stimulere til auka gjenbruk.	Heile planperioden	Alle

3.2.3	<p>Arbeide for å redusere avfallsmengda i alle ledd. Arbeide vidare for å auke grada av resirkulering.</p> <p>Få på plass sorteringsdunk for plast og pant ved skulane.</p>	Heile planperioden	Alle Elevrådet Rektor
3.2.4	Ha fokus på klima og klimafotavtrykk i innkjøpsordningar.	Heile planperioden	Alle
3.2.5	Det skal vere ein årleg ryddedugnad i kommunen.	Årleg	Politikk og kommunikasjon
3.3.1	<p>Klimatilpassing skal vere tema i alle kommunale arealplanar. Der det ikkje ligg føre nye arealplanar, skal tema følgjast opp i byggesaka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Overvatn skal handterast lokalt og fortrinnsvis sikrast avrenning gjennom infiltrasjon i grunnen og opne vassvegar. • Byggegrense langs elvar og bekkar må inkludere klimapåslag. • Tiltak nær sjø må ta omsyn til forventa havnivåstiging og bølgjepåverknad. <p>Krevje dokumentasjon frå fagkyndig firma i tilfella det er naudsynt.</p>	Heile planperioden	Rådgjevar plan Rådgjevar byggesak
3.3.2	Ved rullering av samfunnssdelen til kommuneplanen skal det greiest ut kva klimarisikoar som er relevante for kommunen (til dømes fysisk risiko, overgangsrisiko og ansvarsrisiko).		Utvikling
3.3.3	Kommunal infrastruktur må oppgraderast slik at ein tar høgde for venta nedbørsmengd i framtida.	Heile planperioden	Drift og vedlikehald
3.3.4	Ved asfaltermningsprosjekt vil me forsette å prioritere lang levetid på asfalt og legge opp til gjenbruk av fresemasse.	Heile planperioden	Drift og vedlikehald
3.3.5	Informere og rettleie bøndene i samband med tilskotsordningar knytt til klimatilpassing.	Heile planperioden	Rådgjevar landbruk
3.3.6	Bevare, restaurere og etablere naturbaserte løysingar for klimatilpassing der det er aktuelt.	Heile planperioden	Utvikling Drift og vedlikehald

3.4.1	<p>Naturmangfald skal vere tema i alle kommunale arealplanar. Der det ikkje ligg føre nye arealplanar, skal tema følgjast opp i byggesaka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksisterande elvar og bekkar skal takast vare på og kantsoner bør rustast opp. Bekkelukking er ikkje tillate, og bekkar som er lagt i røyr skal fortrinnsvis takast fram i dagen ved nye tiltak. • Eksisterande bekkar skal bevarast så nært opptil sin naturlege form som mogleg. Det skal visast særleg omsyn der fiskestamma har eit anadromt vandringsmønster (gjeld laks og sjøaure). • Naturbaserte løysingar skal som hovudregel nyttast. Der ein ikkje vel naturbasert løysing, skal valet grunngjenvært. • Gjødselskummar må ligge minimum 50 meter frå sjø og vassdrag. • Myr og andre karbonrike areal skal ikkje nyttast til hus, hyttebygging, vegframføring, massedeponi eller andre utbyggingsføremål. • Det skal takast særskilte omsyn til raudlisteartar, både dyr og planter. Laks, sjøaure og elvemusling skal vere levedyktig i dei elver og bekkar der dei naturleg høyrer heime. Eventuelle tiltak i nedslagsfeltet må ta omsyn til dette. 	Heile planperioden	Rådgjevar plan Rådgjevar byggesak
3.4.2	Informere og rettleie bønder i samband med tilskotsordningar knytt til å sikre naturmangfald.	Heile planperioden	Rådgjevar landbruk
3.4.3	Etne kommune skal framleis verna allereie verna vassdrag. Det skal ikkje planleggjast nye utbyggingar i verna vassdrag utanom flaumførebyggande. Allereie planlagde prosjekt må ivaretakast.	Heile planperioden	Ordførar, Utvikling.
3.4.4	Vurdere å utarbeide arealrekneskap/naturrekneskap som verktøy for å oppretthalde variasjonar av naturtypar og landskap.	2023	Ordførar Utvikling
3.4.5	Arbeide for å styrke og fremje friluftslivet som eit klimatiltak i seg sjølv.	Heile planperioden	Alle

3.4.6	Etne kommune ønskjer ikke vindkraft i natur- og friluftsområde.	Heile planperioden	Ordførar
-------	---	--------------------	----------